



SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Introduser temaet og start med å sjå Venner på skolen - YouTube
	Denne timen skal handle om konflikter og konfliktløsning. For i alle grupper kan det oppstå konflikter og dermed er det så viktig å øve på korleis vi kan løyse dei og bli venner igjen. Først må vi likevel sjå om vi kan greie å finne ut kva som er forskjellen på konflikter og mobbing. Sjå på desse to bilda her for eksempel – er dette konflikt eller mobbing?
	Korleis veit vi forskjellen? Snakk med kvarandre litt og prøv å finne ut kva som er forskjellen. Høyr om elevane har nokre forslag.
	Nokon gongar kan konflikter føre til at barn blir mobba eller utestengt, men når to parter er i konflikt med kvarandre på grunn av noko som har skjedd, eller noko dei er uenige om, så treng det ikkje vere mobbing. Det er likevel vanleg at barn føler seg mobba av dei dei er i konflikt med. Og det er ikkje rart, for i konflikter er det ein del som utfører handlingar som er meint å skade andre, få andre til å føle seg utanfor, eller seier eller gjer ting som gjer det vanskeleg for den andre å føle seg trygg i fellesskapet. Så grensene mellom mobbing og konflikt kan nokre gongar bli litt uklare.
	Dette bildet viser korleis konflikter kan utvikle seg: 1. Først er ein berre ueige og det er jo heilt greitt. På dette stadiet kan ein framleis lytte til kvarandre, og prøve å forstå kvarandre, og følelsane kan gjere oss ivrige, men tek ikkje heilt over. 2. Så kan det utvikle seg til ein kringel. Då er det ikkje like lett å lytte lenger. Kvar av dei blir mest opptatt av å sei sine meningar, og er lite interessert i å forstå den andre. Følelsane våre blir kraftigare, og dermed står vi i fare for å miste kontrollen. 3. Når det utviklar seg til ein konflikt er det meir fastlåst. Her har følelsane fått veldig stor plass, og kvar av dei ser berre si eiga side. No står ein i fare for å misforstå kvarandre heilt, og tru at ting er sant som ikkje er sant, nokon lyger eller gjer dumme ting for å skade den andre. Og så blir man fanga i ein situasjon som kan vere vanskeleg å løyse aleine.
Denne filmen er på engelsk, men elevane forstår nok ganske mykje, og der er mange bilde, og du kan eventuelt oversette litt: Conflict to Resolution in 4 Steps - YouTube	
	No skal elevane få øve litt! Jonas og Emma sin konflikt Begynn med å lese historia for elevane: "<i>Gruppeprosjektet som gjekk gale</i>" «Klassen held på med eit gruppearbeid der dei skal lage ein presentasjon om plast i havet i grupper på fire. I éi av gruppene har Emma og Jonas vore mykje usamde, og etter kvart har det utvikla seg til ein konflikt. Emma føler at ho gjer alt arbeidet, medan Jonas meiner ho ikkje let han bidra. Dei begynner å snakke nedsetjande om kvarandre både i timane og i friminutta. Dette utviklar seg slik at Emma no ignorerer Jonas og nektar å samarbeide. Jonas svarar med å spreie rykte om Emma til andre elevar. Dei to andre i gruppa blir frustrerte og usikre på kva dei kan gjere. Læraren merkar at gruppa ikkje har kome seg vidare med oppgåva og seier at no må dei kome i gang. Då startar ein høglydt kringel der dei skuldar på kvarandre medan heile klassa høyrer på. Fleire elevar tek parti med Emma eller Jonas, og det

oppstår små grupperingar der dei blandar inn andre ting som har skjedd for lenge sidan og seier «Sånn er alltid Emma» og «Jonas er jo berre lat og giddar aldri å jobbe». Nokre av elevane blir urolege og stille. Læraren må bruke tid på å mekle, og klassen er i ferd med å miste litt av den gode samarbeidskulturen dei har jobba med tidlegare.»

Oppgåve:

- La elevane jobbe i grupper på 4
- Først skal dei prøve å finne ut korleis dei trur denne konflikten opplevast for Emma, for Jonas, og for dei andre som er på gruppa deira. Korleis ser konflikten ut frå deira synsvinkel og kva for kjensler har dei?
- Høyr døme på kva gruppene har kome fram til.



Så skal gruppene øve på korleis denne konflikten kan løysast ved at barna snakkar roleg saman i gruppa. Ein elev er liksom Emma og den andre er liksom Jonas, og dei andre to er liksom dei andre på gruppa. Gjer eventuelt rollespelet i fellesskap i klassa først.

- Jonas seier til Emma: «Eg føler at du ikkje let meg gjere noko, som om eg ikkje er flink nok, det er ikkje greitt.»
- Emma skal lytte til Jonas og prøve å forstå. Så seier ho til Jonas: «Eg blei lei meg då du sa at eg alltid sjefar og vil bestemme alt. Det er ikkje sånn det er.»
- Korleis kan dei gå vidare etter dette? La elevane spele rollespelet og finne gode løysingar vidare.

Døme på gode løysingar:

- Emma og Jonas viser at dei er lei seg for at det blei slik, og blir einige om å vere hyggelege og samarbeide godt vidare.
- Dei andre elevane blir med i samtalen ved å gi uttrykk for at dei forstår både Emma og Jonas sine opplevingar, og foreslår at dei lagar ein samarbeidsplan for det vidare arbeidet.
- Elevane blir einige om at dei no er ferdige med dette og frå no av skal ha det fint saman i gruppa, og lage den aller beste presentasjonen. Dei begynner å jobbe og har det kjekt saman alle fire.

• Å løysa konflikter • Konfliktløysing - til læraren • Til læraren • Å reparere relasjon	Bruk innhald frå boka Å løyse konflikter. Bruk bilda som påminning om kva som er lurt for å løyse konflikter. La plakaten stå oppe til slutt og la elevane snakke saman i små grupper om det er nokre konflikter som alltid treng hjelp frå vaksne, og kva som skal til for at barn skal greie å løyse konflikter sjølv. Øv eventuelt også på det å reparere relasjon – gjerne etter de har sett episoden frå Klassen som ligg under her:
---	---

Om de har tid kan de sjå heile denne episoden frå Klassen der nokre gutar som gjer ein del av dei tinga som kan skje på konflikt-nivået: [Klassen - NRK TV](#)
Snakk i så fall saman etter filmen om kvifor denne hadde blitt ein konflikt, om den kunne vore løyst lettare tidlegare, og kva dei syntest om løysinga.

Treng de litt frosketid i løpet av økta passar denne godt for vennskap: [Pust med en venn - YouTube](#)

Eller sjå den gamle Blime-songen som viser konflikt og løysing.

Gode vennskap som ikkje går ut over andre - alternativ til mobbing: • Til læraren • Fritime Mobbing på skolen • Bli med på Fritime Mobbing på skolen • Nei kjent røyst gjer høyrast • Interessant eller interessant? • Læringsplaner	Bruk gjerne noko av dette. Sjå eige instruksjonsark.
--	---

Bruk gjerne leikar frå dette leikeheftet: io.kommune.no/tjenester/skole-og-utdanning/robuste-barn/leikehefte/